



Valle Sparebank

Delårsrapport for 3. kvartal 2021



Kvartalsrapport for 3K 2021

Rekneskapsprinsipp

Frå 01.01.2020 nyttar Valle Sparebank IFRS 9 som rekneskapsstandard. Det vert vist til noter i årsrekneskapan for 2019. Delårsrekneskapan er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.21 er forvaltningskapitalen på 2.110,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 256,6 mill. kroner, eller 13,8 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.21 på 1.662,4 mill. kroner, som er ein vekst på 154 mill. kroner, eller 10,2 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Brutto utlån har auka med 100,4 mill. kroner sidan 31.12.20. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 702,1 mill. kroner, ein nedgang på 7,3 mill. kroner siste 12 mnd. Sidan nyttår er det ein nedgang på 3 mill. kroner

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.21 på 1.694,6 mill. kroner, som er ein auke på 306,4 mill. kroner, eller 22,07 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 101,9 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 92 %. Det har vore ein auke i innskot på 223,9 mill. kroner eller 15,2 % sidan 31.12.20.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 22 mill. kroner, som er 0,27 mill. kroner lågare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,44 % av gjennomsnittlig forvaltningskapital, mot 1,60 % på samme tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 12,1 mill. kroner, som er ein auke på 0,62 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor. Banken har mottatt utbytte frå Eika-Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS på til saman 2,74 mill. kroner.

Andre driftskostnader utgjorde 20,7 mill. kroner, som er ein auke på 0,85 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 9,5 mill. kroner løn inkludert personalkostnader mot 9,3 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 12,094 mill. kroner, mot eit overskot på 12,330 mill. kroner til same tid i fjor. Resultat

etter skatt viser eit overskot på 9,994 mill kr mot 10,03 til same tid i fjor. Etter ei negativ verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 2,7 mill. kroner, viser totalresultatet etter skatt eit overskot på 7,245 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet etter skatt eit overskot på 7,331 mill. kroner til same tid i fjor.

Kredittap

Netto kredittap på utlån og garantiar utgjer 1,265 mill. kroner, mot 0,989 mill. kroner til same tid i fjor. Det vart i 1.kvartal 2020 gjort ei tilleggsavsetning i privatmarknaden på 0,2 mill. kroner og på bedriftsmarknaden 0,3 mill. kroner. Grunnen til tilleggsavsetninga skuldast usikkerheit knytt til estimata i modellen gitt Korona-situasjonen. Banken meiner det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i utrekning av nedskrivningar på utlån.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 194,8 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2021. Dette gjev ei kapitaldekning på 20,57 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 19,59 %.

Utsikter for resten av året

Sjølv om dei fleste vaksne no er vaksinert i samband med Covid-19, er det framleis litt usikkerheit rundt pandemien. Men dei langsiktige økonomiske konsekvensane av koronapandemien ser langt betre ut enn forventna. Noregs Bank sette i slutten av september opp styringsrenta til 0,25%, og varsla fleire aukingar framover. Men sjølv om situasjonen har betra seg, kan koronapandemien framleis kunne påverke bankens økonomiske resultat i negativ retning.

Banken har så langt i år hatt høg aktivitet, med god utlåns- og innskotsvekst. Men på same tid har dei gjennomførte renteendringane, og hard konkurranse ført til ein svakare rentenetto.

Bankens soliditet og likviditetssituasjon er god, og det er styrets vurdering at banken er godt rusta til å kunne tole eventuelle negative konsekvensar av Covid 19-situasjonen.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.

Valle, 9.november 2021

Anne Gjerden (sign)
(styreleiar)

Knut Inge Hovet (sign)
(nestleiar)

Elisabeth A. Spockeli (sign)

Kent M. Lund (sign)

Tor Arild Rysstad (sign)
(tilsettere representant)

Jostein Rysstad (sign)
(adm.banksjef)



Resultatrekneskap

<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	3. kv. 2021	3. kv. 2020	01.01.- 30.09.2021	01.01.- 30.09.2020	2020
Renteinntekter fra egedelar vurdert til amortisert kost		10.385	9.995	30.412	34.438	44.424
Renteinntekter fra øvrige egedelar		380	580	1.212	1.937	2.361
Rentekostnader og liknande kostnader		3.078	3.213	9.650	14.666	17.808
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		7.687	7.362	21.974	21.709	28.977
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.607	3.304	10.155	8.708	12.235
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		438	416	1.215	1.210	1.700
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		41	119	2.843	3.115	3.579
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 6	16	272	171	713	547
Andre driftsinntekter		60	56	168	174	235
Netto andre driftsinntekter		3.286	3.335	12.122	11.500	14.896
Løn og andre personalkostnader		2.839	2.828	9.518	9.299	13.114
Andre driftskostnader		3.455	3.330	10.499	10.241	16.535
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle egedelar		263	117	720	350	480
Sum driftskostnader		6.557	6.275	20.737	19.890	30.129
Resultat før tap		4.416	4.422	13.359	13.319	13.744
Kreditttap på utlån, garantier og renteberende verdipapir	Note 4	-106	-126	1.265	989	1.440
Resultat før skatt		4.310	4.548	12.094	12.330	12.304
Skattekostnad		880	1.150	2.100	2.300	2.340
Resultat av ordinær drift etter skatt		3.430	3.398	9.994	10.030	9.964
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6	0	-14	-2.749	-2.699	2.563
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		0	-14	-2.749	-2.699	2.563
Totalresultat		3.430	3.384	7.245	7.331	12.527

Balanse - Egedelar

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Kontantar og kontantekvivalentar		1.693	3.587	2.812
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og fordringar på sentralbankar		106.397	53.431	59.647
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		0	0	0
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 3	1.655.533	1.498.920	1.551.872
Renteberande verdipapir	Note 6	202.129	161.241	187.667
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 6	121.823	116.022	121.150
Immaterielle egedelar		0	0	0
Varige driftsmidlar		16.272	13.493	13.447
Andre egedelar		6.237	6.830	6.090
Sum egedelar		2.110.084	1.853.524	1.942.685

Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Innlån frå kredittinstitusjonar		105.447	120.401	120.679
Innskott frå kundar		1.694.629	1.388.279	1.470.761
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 7	50.005	100.027	100.057
Finansielle derivat		0	0	0
Anna gjeld		13.324	9.485	10.661
Sum gjeld		1.863.405	1.618.192	1.702.158
Opptent egenkapital		236.685	225.302	240.527
Periodens resultat etter skatt		9.994	10.030	0
Sum egenkapital		246.679	235.332	240.527
Sum gjeld og egenkapital		2.110.084	1.853.524	1.942.685

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital						Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Utjamningsfond	Gåvefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Anna opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2020	221.623	0	5.439	0	13.465	0	240.527
Resultat etter skatt	9.994				-2.749		7.245
Totalresultat 30.09.2021	9.994	0	0	0	-2.749	0	7.245
Utbetaling av gåver			-1.093				-1.093
Eigenkapital 30.09.2021	231.617	0	4.346	0	10.716	0	246.679
Eigenkapital 31.12.2019	214.098	0	5.045	0	0	0	219.143
Overgang til IFRS	-1.114				11.078		9.964
Eigenkapital 01.01.2020	212.984	0	5.045	0	11.078	0	229.107
Resultat etter skatt	10.030						10.030
Totalresultat 30.09.2020	10.030	0	0	0	0	0	10.030
Utbetaling av gåver			-1.106				-1.106
Andre egenkapitaltransaksjonar					-2.699		-2.699
Eigenkapital 30.09.2020	223.014	0	3.939	0	8.379	0	235.332

Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	3.kvartal 2021	3.kvartal 2020	Året 2020
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,44 %	1,60 %	1,57 %
Kostnader i % av inntekter justert for VP	61,13 %	61,21 %	69,54 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	4,26 %	1,91 %	12,98 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt (annualisert)	5,56 %	5,86 %	4,31 %
Andel utlån til BM av totale utlån på balansen	12,50 %	10,90 %	11,03 %
Innskotsdekning	101,94 %	92,00 %	94,15 %
Kapitaldekning	20,57 %	21,16 %	20,81 %
Kjernekapitaldekning	20,57 %	21,16 %	20,81 %
Rein kjernekapitaldekning	20,57 %	21,16 %	20,81 %
Uvekta kjernekapital	9,48 %	10,18 %	10,61 %
Konsolidert med Eika Gruppen og Eika Boligkreditt			
Kapitaldekning	19,59 %	20,10 %	19,82 %
Kjernekapitaldekning	19,10 %	19,55 %	19,31 %
Rein kjernekapitaldekning	18,70 %	19,11 %	18,90 %
Uvekta kjernekapital	7,99 %	8,01 %	8,54 %
LCR	139	134	116
NSFR	143	137	136

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr.30.09.2021 er utarbeida i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2019. For overgang til IFRS vert det vist til note 31 i årsrekneskapen 2019.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivningar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenarioer og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjønn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbundet med stor usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekkja objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtal av bankens bedriftskundar som har mottatt vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsutrekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjønn, blant anna ved vurdering av kredittisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

IFRS 16 – Leigekontraktar

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådde i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlate å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksretteigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksretteigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande periodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert ført som rentekostnadar i resultatrekneskapen og bruksretteigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokal i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte fylgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorison (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksretteigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

Andre usikkerheits faktorar

Noregs Bank har redusert styringsrenta til 0,00 %. Bankane sine utlåns- og innskotsvilkår er som følgje av dette redusert og som har ført til redusert netto rentemargin.

Ny misleghaldsdefinisjon

Frå og med 1.1.2021 vart ny definisjon av misleghald innført, det fylgjer av desse reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalde dersom minst eitt av fylgjande kriteria er oppfylt:

- Kunden har eit overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhangande dagar. For både PM- og BM kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponering.
 - o For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1000 kroner
 - o For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine kredittforpliktingar overfor banken (UTP)
- Kunden er smitta av ein annan kunde som er i misleghald i samsvar med dei to første kriteria nemnt over.

Note 2 – Kredittforringa engasjement**Misleghald over 90 dagar**

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	412	10.272	7.808
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	2.540	475	2.919
Nedskrivningar i steg 3	-1.568	-3.760	-4.700
Netto misleghaldne engasjement	1.384	6.987	6.027

Andre kredittforringa

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	4.318	3.000	7.233
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	3.457	6.284	4.013
Nedskrivningar i steg 3	-3.445	-3.518	-3.613
Netto andre kredittforringa engasjement	4.330	5.766	7.633

Note 3 – Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring**Utlån til kundar fordelt på sektor og næring**

	30.09.21	30.09.20	31.12.20
Landbruk	6.048	11.519	8.864
Industri	23.135	18.429	23.872
Bygg, anlegg	57.224	47.873	37.291
Varehandel	11.344	17.572	15.203
Transport	2.543	2.495	2.504
Eigedomsdrift etc	79.278	68.561	78.604
Anna næring	4.637	3.573	2.814
Sum næring	184.209	170.022	169.152
Personkundar	1.478.224	1.338.351	1.392.907
Brutto utlån	1.662.433	1.508.373	1.562.059
Steg 1 nedskrivningar	-1.147	-1.413	-1.105
Steg 2 nedskrivningar	-740	-762	-769
Steg 3 nedskrivningar	-5.013	-7.278	-8.313
Netto utlån til kundar	1.655.533	1.498.920	1.551.872
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	702.072	709.379	705.069
Totale utlån inkl. portefølje i EBK	2.357.605	2.208.299	2.256.941

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månadars forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresestnader og effekten av diskontering.

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	338	500	6.041	6.878
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	5	-101	0	-97
Overføringer til steg 2	-8	270	0	262
Overføringer til steg 3	0	-36	388	352
Nedskrivinger på nye utlån utbetalt i året	12	3	0	15
Utlån som er frårekna i perioden	-26	-156	-6.415	-6.597
Konstaterte tap			4.627	4.627
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-100	-3	-2.762	-2.864
Andre justeringar	402	39	0	441
Nedskrivinger personmarknaden pr. 30.09.2021	623	515	1.878	3.016

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	1.328.315	53.089	10.602	1.392.007
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	15.709	-15.709	0	0
Overføringer til steg 2	-40.600	40.600	0	0
Overføringer til steg 3	-23	-390	413	0
Nye utlån utbetalt	294.039	10.687	0	304.726
Utlån som er frårekna i perioden	-193.642	-19.110	-6.282	-219.034
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 30.09.2021	1.403.799	69.167	4.733	1.477.699

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2021	767	269	2.273	3.309
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	41	-139	0	-99
Overføringer til steg 2	0	134	0	133
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivinger på nye utlån utbetalt i året	88	2	1.281	1.371
Utlån som er frårekna i perioden	-17	-45	-427	-489
Konstaterte tap			9	9
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-42	-31	0	-73
Andre justeringar	-312	36	0	-276
Nedskrivinger bedriftsmarknaden pr. 30.09.2021	524	225	3.135	3.884

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2021	148.853	15.406	5.793	170.052
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	8.304	-8.304	0	0
Overføringer til steg 2	-1.006	1.337	-331	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	10.892	2.332	0	13.224
Utlån som er frårekna t i perioden	2.705	-1.784	537	1.458
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.09.2021	169.747	8.987	6.000	184.734

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2021	106	158	0	264
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	32	-93	0	-61
Overføringer til steg 2	0	5	0	4
Overføringer til steg 3	0	59	0	59
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	8	2	0	10
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-56	-55	0	-111
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-8	-1	0	-9
Andre justeringar	5	3	0	8
Nedskrivningar pr. 30.09.2021	87	78	0	165

30.09.2021	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2021	95.862	8.791	1.520	106.173
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	4.947	-4.947	0	0
Overføringer til steg 2	-385	552	0	166
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	24.591	2.243	0	26.833
Engasjement som er frårekna t i perioden	-30.615	-1.807	-1.507	-33.929
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.09.2021	94.399	4.832	13	99.243

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.09.2021	31.09.2020	31.12.2020
Endring i perioden i steg 3 på utlån	-3.466	553	1.589
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	0	0	0
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	1	-134	-124
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegere er føreteke nedskrivningar i steg 3	4.550	915	515
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	180	152	204
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	0	-497	-744
Tapskostnader i perioden	1.265	989	1.440

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkudar som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

RESULTAT	30.09.2021				30.09.2020				2020			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	19.883	3.726	-1.635	21.974	21.177	2.188	-1.656	21.709	27.924	3.624	-2.571	28.977
Ubytte/resultat andel tilkn. selskap			2.843	2.843			3.115	3.115			3.579	3.579
Netto provisjonsinntekter			8.940	8.940			7.498	7.498	9.235	1.300	0	10.535
Inntekter verdipapirer			171	171			713	713			547	547
Andre inntekter			168	168			174	174			235	235
Sum andre driftsinntekter	0	0	12.122	12.122	0	0	11.500	11.500	9.235	1.300	4.361	14.896
Lønn og andre personalkostnader			9.519	9.518			9.299	9.299			13.114	13.114
Avskrivningar på driftsmidlar			720	720			350	350			480	480
Andre driftskostnader			10.499	10.499			10.241	10.242			16.535	16.535
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	20.738	20.737	0	0	19.890	19.891	0	0	30.129	30.129
Tap på utlån	142	1.041	82	1.265	1.276	-287	0	989	2.146	-706	0	1.440
Gevinst aksjer			0	0			0	0			0	0
Driftsresultat før skatt	19.741	2.685	-10.333	12.094	19.901	2.475	-10.046	12.330	35.013	5.630	-28.339	12.304
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kunder	1.478.224	184.209		1.662.433	1.338.351	170.022		1.508.373	1.384.809	167.063		1.551.872
Innskudd fra kunder	1.142.408	552.221		1.694.629	1.005.653	382.626		1.388.279	1.023.007	447.754		1.470.761

Note 6 - Verdipapir

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

- **Nivå 1** - Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forplikingar
- **Nivå 2** - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller forplikingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forpliking
- **Nivå 3** - Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetoder maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapets egne estimat.

30.09.2021				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		202.129		202.129
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet			59.718	59.718
Aksjar til verkelig verdi over andre inntekter og kostnader			62.105	62.105
Sum	-	202.129	121.823	323.952

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	66.227	54.923
Realisert gevinst/tap		
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	(15)	303
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	(2.749)	
Investering		20.000
Sal	(1.358)	(15.508)
Utgåande balanse	62.105	59.718

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	30.09.2021	Bokført verdi 30.09.2020	31.12.2020	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010831936	12.09.2018	12.09.2023	50.000	50.005	50.004	50.015	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010793409	26.05.2017	26.05.2021	0	0	50.030	50.042	3 mnd. NIBOR + 1,10 %
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				50.005	50.004	50.015	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.07.2021	Emitert	Forfalt/ innløyst	Andre endringar	Balanse 30.09.2021
Obligasjonsgjeld	50.003	0	0	2	50.005
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	50.003	0	0	2	50.005

Note 8 – Kapitaldekning
Kapitaldekning

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Sparebankens fond	221.623	212.984	221.623
Gåvefond	4.346	3.938	5.439
Fond for urealiserte gevinstar	10.717	8.378	13.465
Sum egenkapital	236.686	225.300	240.527
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Frådrag i ren kjernekapital	-41.890	-41.403	-45.010
Ren kjernekapital	194.796	183.897	195.517
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	194.796	183.897	195.517
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
	0	0	
Netto ansvarleg kapital	194.796	183.897	195.517
Eksponeeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	14.228	4.660	14.762
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	20.611	22.728	15.026
Føretak	33.810	41.422	19.879
Massemarknad	0	0	0
Pantesikkerheit eigedom	627.240	595.848	629.939
Forfalte engasjement	5.729	7.551	5.606
Høgrisikoengasjement	42.916	0	62.357
Obligasjonar med føretrinnsrett	8.159	7.849	7.759
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	0	0	0
Andelar verdipapirfond	17.190	14.499	14.695
Eigenkapitalposisjonar	22.710	22.181	25.725
Øvrige engasjement	75.995	72.309	65.665
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	868.588	789.047	861.413
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	78.194	74.751	78.194
Berekningsgrunnlag	946.782	863.798	939.607
Kapitaldekning i %	20,57 %	21,29 %	20,81 %
Kjernekapitaldekning	20,57 %	21,29 %	20,81 %
Rein kjernekapitaldekning i %	20,57 %	21,29 %	20,81 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,48 %	10,18 %	10,61 %

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,43 % i Eika Gruppen AS og på 0,82 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
Ren kjernekapital	235.362	224.234	238.491
Kjernekapital	240.342	229.358	243.617
Ansvarlig kapital	246.615	235.818	250.077
Berekningsgrunnlag	1.258.652	1.173.278	1.261.784
Kapitaldekning i %	19,59 %	20,10 %	19,82 %
Kjernekapitaldekning	19,10 %	19,55 %	19,31 %
Rein kjernekapitaldekning i %	18,70 %	19,11 %	18,90 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	7,99 %	8,01 %	8,54 %